



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsvingen 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Utgreiing og tilråding - søknad frå innbyggjarar i Forsand kommune om justering av kommunegrensa mellom Forsand og Strand

**Fylkesmannen tilrår at grensejustering i samsvar med innbyggarinitiativet ikkje blir gjennomført. Fylkesmannen finn heller ikkje grunn til å tilrå grensejustering for ein mindre del av det aktuelle området.**

Fylkesmannen viser til departementet sitt brev av 10.10.2017 som bl.a. har slik ordlyd:

### "Forsand og Strand kommuner

*Fylkesmannen oversendte et innbyggerinitiativ om grensejustering mellom Forsand og Strand kommuner. Fylkesmannen skriver at endringen er omfattende, og at det er grunn til å tro at kommunene ikke er enig i forslaget. Fylkesmannen ber departementet avgjøre om saken skal utredes.*

*Departementet ber med dette fylkesmannen om så raskt som mulig å utrede konsekvensene av en grensejustering mellom Forsand og Strand kommuner som omfatter områdene omtalt i innbyggerinitiativet. Fylkesmannen kan i tillegg utrede større eller mindre grensejusteringer i det omtalte området. Fylkesmannens tilrådning skal fremgå av oversendelsen til departementet.*

*Det må legges til rette for at Forsand og Strand kommuner skal få uttale seg før saken oversendes departementet for endelig avgjørelse. Kommunestyrene bør innhente innbyggernes synspunkter på saken.*

*Forsand skal slå seg sammen med Sandnes kommune fra 1. januar 2020. Departementet ser det som hensiktsmessig at en eventuell grensejustering gjennomføres på samme tidspunkt som sammenslåingen. Det er derfor ønske om en tidlig avklaring av dette spørsmålet."*

### Bakgrunnen for saka:

Fylkesmannen tilrådde i brev til departementet av 27.9.2016 at Forsand og Strand kommunar skulle slåast saman. I tilrådinga la vi bl.a. vekt på at Forsand var ein del av Ryfylke-regionen, og at

Forsand og Sandnes ikkje ville vere ein framtidsretta struktur. Vi var på det tidspunktet òg merksame på at det kunne vere aktuelt at Hjelmeland blei ein ny kommune saman med Forsand og Strand, noko som var omtalt i tilleggsbrevet vårt av 16.12.2016.

Fridtjov Thorsen Norland sende 15.3.2017 inn forslag til justering av kommunegrensa mellom Forsand og Strand kommunar, slik at eit område nord for Lysefjorden blir overført frå Forsand til Strand. Området går fram av vedlagt kart. Søknaden blei fremma med heimel i inndelingslova § 8 første ledd. Brevet var medunderskrive av 31 innbyggjarar i det området saka gjeld og er grunngjeve slik:

**"Grunngjeving:**

*I dei 35 åra som gjekk frå vegen mellom Jørpeland og Oanes opna i 1962, og fram til Lysetjordbrua kom i 1997, hadde grendene på nordsida av Lysefjorden mykje nærmare kontakt med Strand på alle plan, enn resten av Forsand. Denne kontakten har ikkje blitt mindre etter bru og ny veg over Botsheia kom.*

*Me har i dag eit breidt samarbeid med Strand, og det er dette me finn det naturleg å byggja vidare på i ein felles kommune.*

*Me nemner —*

- felles handels-, arbeids- og buområde*
- felles politidistrikt*
- felles kyrkjesokn*
- felles lokalavis*
- felles arena for kulturtilding og kulturformidling*
- felles legevakt fram til 2016. Ei legevakt som fungerte godt for oss på vår side av fjorden. Ei legevakt saman med Sandnes fører til mykje lengre reisetid.*
- felles tannlegegeneste når den i framtida blir lagd til kommunane.*

**Konklusjon:**

*Ved å gå inn i Strand vil folk i vårt område få mykje kortare veg til kommunesenteret og dei kommunale tenestene.*

*Stortinget har i vedtak gjort 12. juni 2012, og knytt til bygginga av fastlandssambandet Ryfast, sagt at ferjedrifta på Høgsfjorden skal leggjast ned. Viss det skjer, vil folk i Forsand måtta reisa gjennom to andre kommunar, for å koma til sitt eige kommunesenter. Det finn me både unødvendig og unaturleg, så lenge me ligg tett opp til ein vel fungerande nabokommune i Ryfylke.*

*Me vil vera ein del av Ryfylke i framtida, og i ein distriktskommune har me felles interesser og utfordringar. Her vil me lettare få innflytelse politisk og vera med å forma framtida for lokalsamfunnet vårt."*

Kopi av søknaden blei sendt departementet til orientering 22.3.2017.

I Prop. 96 S (2016-2017) om "Endringer i kommunestrukturen" tilrådde departementet at Forsand kommune skulle danna ein ny kommune saman med Sandnes kommune. Grunngjevinga var følgande:

### **"5.9.3.1 Særskilte vurderinger**

#### **Forsand og Sandnes**

*Som vist over tilrår fylkesmannen at vedtaket om sammenslåing av Sandnes og Forsand ikke følges opp. Forsand er en del av Ryfylke og har flere interkommunale samarbeid blant annet med Strand og Hjelmeland, og er medlem av Ryfylke IKS.*

*Utgangspunktet i kommunereformen er at kommuner som selv ønsker å slå seg sammen, skal vedtas av Stortinget, med mindre det er særlige hensyn som tilsier noe annet. Forsand er en liten kommune som har behov for å bli en del av en større kommune, og departementet foreslår derfor at Sandnes og Forsand slås sammen i tråd med kommunestyrenes egne vedtak."*

Forsand kommune kalla inn til eit ekstraordinært kommunestyremøte 6.6.2017 for å behandle saka om kommunereforma på ny før saka blei behandla i Stortinget. Bakgrunnen var at kommunestyret nå hadde endra mening og ikkje lenger ønskte ei samanslåing med Sandnes.

Ein saksbehandlingsfeil under dette møtet førte til at det ikkje blei gjort noko vedtak.

—  
Stortinget fatta 8.6. 2017 vedtak om at Forsand og Sandnes kommunar skulle slåast saman seinast frå 1.1.2020.

Forsand kommunestyre fatta følgande vedtak 14.6.2017 i sak 066/17 med 9 mot 8 røyster:

1. *Kommunestyret i Forsand syner til ekstraordinært kommunestyremøte tysdag 6. juni 2017, og vil sterkt beklaa at ein gjennom feil bruk av kommunelova hindra eit fleirtal i kommunestyret frå å gjera vedtak. Grunnlaget for ønsket om utsetjing var knytt til manglende avklaring om framtidig ferjedrift over Høgsfjorden, jfr. vedtak i samferdselsutvalet i Rogaland fylkeskommune 31. mai 2017, samt brev frå samferdselsdepartementet datert 6. juni 2017.*
2. *Med bakgrunn i den manglende avklaringa ser ikkje Forsand kommunestyre lenger på ei samanslåing med Sandnes som aktuell.*
3. *Dersom kommande Stortingsval gir ei ny regjering som opnar for ei ny vurdering av kommunereforma, og ferja over Høgsfjorden ikkje er avklara vil kommunestyret i Forsand ta saka opp på nytt.*

Departementet ba i brev av 10.10.2017, som nemnt ovanfor, om at Fylkesmannen så snart som mogleg utgreier grensejustering for eit område i Forsand nord for Lysefjorden i samsvar med innbyggjarinitiativet frå Fridtjov Thorsen Norland med fleire av 15.3.2017.

Stortinget tok 7.12.2017 stilling til eit representantforslag om høve til omgjering av vedtak om tvangssamanslåing av kommunar. Stortinget voterte over eit forslag om at spørsmålet om samanslåing av Forsand og Sandnes kommunar skulle kunne takast opp att. Dette forslaget fekk ikkje fleirtal.

#### **Folkerøysting**

Forsand kommunestyre gjorde 9.5.2018 eit vedtak om folkerøysting som hadde slik ordlyd:

*"I saka om grensejustering mellom Forsand og Strand skal det haldast ei rådgjevande folkeavstemming blant innbyggjarane i det aktuelle område jfr. kart. Folkeavstemminga skal vera på Forsand kommunehus tidleg i juni 2018. Stemmelokale skal ver open mellom klokka 09.00 og klokka 19.00.*

*Spørsmålet som skal stillast er:*

*1. Er du positiv til at aktuelt område vist på kartet skal tilhøyra Strand kommune frå 01.01.2020?*

*Avstemminga skal skje ved ein stemmesetel for JA og ein stemmesetel for NEI.*

*2. Administrasjonen skal snarast råd, få på plass ei skriftleg avtale der Strand gjer greie for korleis ei ordning for elevar som ønskjer å fortsetja på Forsand skule, kan få det.*

*3. Det skal og leggjast ved korleis skuleskyss og reisetid blir. Gjerne med ei samanlikning med dagens reisetid.*

*4. Det er vesentlig at punkta over kjem fram før folkerøystinga, og til saka i kommunestyret etter folkerøystinga. "*

Folkerøysting blei halde 18.6.2018. Det blei òg gitt høve til førehandsrøysting og innsending av brevrøyster. Resultatet av avrøystinga blei slik:

Spørsmål:

"Er du positiv til at aktuelt område vist på kartet skal tilhøyra Strand kommune frå 01.01.2020?"

Stemmetal:

Ja: 62 (54,4 prosent)

Nei: 52 (45,6 prosent)

Frammøtet var på 90 prosent, berre 12 røysteføre lot vere å stemme.

### **Uttale frå kommunane:**

**Sandnes bystyre** ga slik uttale i møte 18.6.2018 med 48 mot 1 stemme:

#### *"Vedtak*

- 1. Sandnes bystyre finner ikke å kunne støtte søknaden om grensejustering utfra de negative konsekvensene de foreslårte endringene får i dag for Sandnes kommune som vertskommune for tjenester i Forsand i dag, og for mulighetene til en helhetlig samfunns- og tjenestutviklingen i Nye Sandnes kommune.*
- 2. Rådmannen bes oversende uttalelsen til Fylkesmannen som Sandnes bystyre sin endelige uttalelse til søknaden om grensejustering av 15.03.2017 "*

Følgjande går fram av rådmannen sitt saksframlegg:

- Sandnes er vertskommune for bl.a. barnehagen og grunnskulen i Forsand i dag. Ut frå tenestefaglege omsyn vurderes tiltak som reduserar talet på elevar å vere ei ulempe. For å sikre kostnadseffektiv drift og få til forventa utvikling, er tenestene avhengige av å ha eit forsvarleg tenestegrunnlag.
- Regjeringa sette fire mål for gjennomføring av kommunereforma:
  1. Styrke lokaldemokratiet og gi større kommuner flere oppgaver
  2. Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne

3. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner
4. Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling"

Forsand og Sandnes har ferdigforhandla eit Prinsippdokument for å etablere ein ny kommune med grunnlag i dette. Etablering av "Nye Sandnes kommune", som består av dagens Forsand og Sandnes kommunar er vedtatt av Stortinget.

- Den nye kommunen skal satse på økt verdiskaping gjennom fleire arbeidsplassar og nye næringsklynger innanfor grøn turisme, reiseliv og havbruksnæringene. Grunnlaget er at at arealer på Lauvik/Oanes og i Lysefjorden med Prekestolen tilrettelegger for dette. For Forsand/Høle-området i ny kommune, er vekst i befolkninga nødvendig for å kunne utvikle kostnadseffektive tenester i framtida. Grensejusteringa avskjærar "Nye Sandnes kommune" sine moglegheiter til å oppnå ei heilheitleg samfunnsutvikling.
- Ei grensejustering griper direkte inn i infrastrukturen i den nye kommunen. Ferjeforbindelsen Lauvvik – Oanes vil tilligge ansvarsområdet til kommunestyret i "Nye Sandnes", i kraft av å vere eit internt samband i kommunen. Overføring av Oaneset til Strand kommune vil medføre at forbindelsen styringsmessig blir eit interkommunalt anleggende. Med foreslått midtlinjeprinsipp, vil i tillegg Lysefjordbrua bli delt ansvar mellom to kommunar. Ei slik oppdelt løysing av infrastrukturen er etter rådmannens vurdering i konflikt både med nasjonale mål for kommunereforma og måla om ein heilheitleg og samordna samfunnsutviling i Prinsippdokumnetet for " Nye Sandnes".
- Rådmannen er samd i Forsand kommune si skildring av dei beredskapsutfordingane ei grenseustering vil gi for beredskapsansvar- og myndigkeit i Lysefjorden.

**Strand kommunestyre** ga uttale i møte 20.6.2018 med slikt vedtak:

*Kommunestyret i Strand har følgende hovedkonklusjoner til søknaden:*

### **1 Lokaldemokrati**

*Kommunestyret registrerer at et flertall av innbyggerne på nordsiden av Lysefjorden i Forsand kommune ønsker å bli innlemmet i Strand kommune. Kommunestyret mener det er viktig å lytte til hva innbyggerne ønsker og er derfor positive til en grensejustering som medfører at innbyggerne på nordsiden av Lysefjorden blir innbyggere i Strand kommune.*

### **2 Kommunale tjenester**

*De nye innbyggerne vil få de samme kommunale tjenestene som de øvrige innbyggerne i Strand kommune. Dersom det er nødvendig, er kommunestyret også positive til å etablere overgangsordninger for aktuelle tjenester som skole, barnehage og eldreomsorg.*

### **3 Forvalting av Prekestolområdet**

*Inngangen til Prekestolen ligger i Strand Kommune. Stien til Prekestolen er delvis i Strand Kommune og Forsand Kommune. Forvaltning av Prekestolområdet vil ved en justering styrkes ved at hele området ligger i en kommune. Grensejusteringen vil gi ansvaret for reguleringsarbeid, beredskap, krisehåndtering og legetjenester til en kommune.*

*Kommunesenteret i Strand, Jørpeland ligger 9 km fra inngangen til Prekestolen. Avstanden til kommunenesenteret i Sandnes ligger 45 km fra Prekestolområdet. Innbyggerne i Strand benytter Prekestolområdet som et nærområde for friluftsliv og forvaltning av området bør ta hensyn til interessekonflikter mellom den lokale befolkningen og touriststrømmen. Det er viktig at det forvaltes fra den kommunen som har det nærmeste kommunenesenteret.*

### **4 Næringsutvikling**

*Strand Kommune er en næringsvennlig kommune som gir gode rammer for næringslivet, og vil også kunne gi dette i det aktuelle området.*

## **5 Grensene**

*Det anbefales at den nye grensen for Strand kommune blir som foreslått i søknaden."*

Fylkesmannen viser elles til tilrådinga frå rådmannen i Strand som ligg ved saka.

**Forsand kommunestyre** fatta følgande vedtak 21. juni 2018 med 9 mot 8 røyster:

*"Kommunestyret viser til saksutgreiinga frå rådmannen vedrørande omsøkt grensejustering frå Forsand kommune til Strand kommune. Kommunestyret er samd med saksutgreiinga, og seier nei til omsøkt grensejustering."*

Ein representant røysta for rådmannen sitt forslag til vedtak som hadde slik ordlyd:

*"Kommunestyret viser til saksutgreiinga frå rådmannen og frårår omsøkt grensejustering frå Forsand kommune til Strand kommune."*

Eit mindretal på 7 røysta for følgjande forslag:

1. *"Kommunestyret i Forsand meiner resultatet av den rådgjevande røystinga i Kolabygda krins 18. juni, gir eit tydeleg signal om at fleirtalet der ønskjer å bli ein del av Strand kommune frå 1.1. 2020. Kommunestyret meiner det er rett å følgja dette rådet, og er positive til ei grensejustering for nordsida av Lysefjorden.*
2. *Kommunestyret meiner og at ei slik grensejustering vil styrkja forvaltinga av Prekestolområdet. I dag ligg inngangen til Prekestolen med parkeringsanlegg og sørvisbygg i Strand kommune. Stien til Prekestolen ligg delvis i Strand og Forsand kommune, medan sjølve platået ligg i Forsand. Ei grensejustering her vil gi ansvar for reguleringarbeid, beredskap, krisehandtering og legeteneste til ein kommune; Strand, som har kommunesenter kun 9 km frå inngangen til Prekestolen.*
3. *Kommunestyret kan ikkje sjå at ei grensejustering som omfattar 7 % av kommunen sitt areal, vil få negative følgjer for resten av Forsand eller Nye Sandnes. Frå Strand kommune har me fått signal om at dei er villige til å etablera overgangsordningar for tenester som skule, barnehage og eldremomsorg, om det skulle vera ønskjeleg."*

Rådmannen i Forsand gjorde slik vurdering i saka:

### ***"Vurdering i forhold til fakta***

*Slik administrasjonen ser saka, blir det frå initiativtakarane til grensejustering, argumentert utfrå to hovudlinjer:*

- Eit ønske om å høyre til Strand kommune utfrå kulturelle/sosiale omsyn/identitetsmessige omsyn
- Motstand til å bli ein del av Nye Sandnes med grunnlag i mulege framtidige negative konsekvensar som avstand til kommunesenter, samt eit usikkert Høgsfjordsamband

*Til første strekpunkt:*

*Ein kan ikkje ha merknadar til folk sin oppfatning av ståstad når det gjeld kulturelle, sosiale*

*eller identitesmessige forhold. Det kan likevel merkast at flytting av kommunegrenser har lite å gjera med desse forholda. Desse «bindingane» heng saman med faktisk fysisk nærheit/hopehav og ei historisk utvikling tilbake i tid før samferdsla knytte nordsida og sørsida saman via Lysefjordbrua i 1997 – altså for 20 år sidan og bakover. Ein aksept av grensejusteringa, eller eit avslag på søknaden, vil i liten grad verke inn på forhold som gjeld ovannemnte.*

*Til andre strekpunkt:*

*Her kjem Stortinget sitt vedtak inn som ein viktig del av faktagrunnlaget. Vedtaket innebar at heile Forsand skulle med til Nye Sandnes per 01.01.2020.*

*Dersom departementet finn å vektlegge argumentet om uhensiktsmessighet for nordsida i å vera med til Nye Sandnes p.g.a. usikkerhet rundt Høgsfjordsambandet, ja så harmonerer ikkje dette med Stortinget sitt vedtak av 8.juni 2017. Vidare vil det i praksis seie at det finns andre områder i Forsand som får legitimering for å søkje grensejustering til Strand eller andre kommunar. Avstanden til eit framtidig kommunesenter i Sandnes utan eit trygt Høgsfjordsamband, vil for stort sett alle deler av Forsand bli lengre enn den vil bli for innbyggjarane på nordsida av Lysefjorden. Argumentasjonen frå initiativtakarane knytt til «sandnesmotstanden» kan derfor diskuterast – dette bør både Fylkesmannen og Kommunal- og moderniseringsdepartementet merka seg. Lokalt kan temaet for og imot Nye Sandnes bli oppfatta som ein omkamp i forhold til kommunereformprosessen.*

*Andre forhold knytt til faktagrunnlaget:*

*A. Kommunale tenester:*

*Administrasjonen kan ikkje sjå at innbyggjarane på nordsida av Lysefjorden får betre kommunale tenester med innlemming i Strand kommune. Snarare tvert imot, der tilboda til dei yngste er mest utsett i forhold til barnehage, skule og fritidsaktiviteter. Dette knyter seg til fysiske avstandar som blir lengre i forhold til Strand enn til Forsand.*

*B. Konsekvensar for dei øvrige innbyggjarane i Forsand:*

*Dei kommunale tenestene så som barnehage, skule og eldreomsorg, skal etter prinsippdokumentet mellom Forsand og Sandnes, fortsatt vere lokalisert på Forsand etter 2020. Dagens teneste vil potensielt bli svekka dersom om lag 10 % av brukarane soknar til ein annan kommune. Grunnlaget for å drive til dømes barnehage og skule blir svekka, og det kan få negative konsekvensar for både tenestetilbud og talet på arbeidsplassar på Forsand.*

*C. Lokalt servicekontor i kommunehuset på Forsand:*

*I samsvar med Prinsippdokumentet for Nye Sandnes skal det etter 2020 etablerast eit lokalt servicekontor på dagens kommunehus. Dette kontoret skal vera ein førstelinjenesteneste for rådhuset i Nye Sandnes. Her vil servicekontoret kunne levere enklare saksbehandling og elles stå i direkte samband digitalt med sentraladministrasjonen i Sandnes for saksbehandling utover eigen teneste. Framtida vil nok krevje stadig mindre direkte oppmøte på rådhusa i kommunenorge grunna digitale løysingar.*

*D. Ny kommunegrense midt i Lysefjorden:*

*Det er i grensejusteringssøknaden lagt opp til at kommunegrensa blir midtfjords i Lysefjorden. Med den store turisttrafikken på Lysefjorden, ser administrasjonen eit delt ansvar som uhensiktsmessig når det gjeld beredskapsarbeidet.*

#### *E. Satsing på reiselivsnæringa:*

*I prinsippdokumentet for Nye Sandnes er satsing på utvikling av reiselivsnæring sentral. Det beste utgangspunktet for å få til ei samla tung satsing rundt Lysefjorden er viss heile området blir verande i den nye kommunen.*

*Heilt avslutningsvis meiner me det kan vere grunn til å diskutere sjølve grensedraginga som er gjort frå sokjarane. Det framgår svært liten argumentasjon for å trekke grensa innover i ubefolka områder av Lysefjorden i sokjars brev. Tvert imot ligg det føre uttale frå innbyggjarar og grunneigarar i Høllesli/Hamn-område, som er sterkt imot den skisserte grensedraginga.*

#### **Konklusjon**

*Rådmannen viser til utgreiinga ovanfor og kan ikkje tilrå omsøkt grensejustering. Sjå tilråding til uttale frå kommunestyret på hovudarket."*

---

### **Faktagrunnlag:**

Faktagrunnlaget er i det vesentlege utarbeidd på bakgrunn av opplysningar frå Forsand og Strand kommunar. Fakta om Prekestolen er utarbeidd av Rogaland fylkeskommune.

#### **Om arealet - geografi**

Arealet består for det meste av fjell og utmark med busetnaden fordelt spreitt langs fjordsidene til Lysefjorden og Høgsfjorden. Eit mindre bustadfelt på Meling med om lag 20 bueiningar er den største konsentrasjonen av busetnad i området. Heile arealet langs kyststripa har eit relativt stort innslag av fritidseigedomar.

#### **Folketal**

Det aktuelle området har 53 heilårsbustader med til saman 168 innbyggjarar. 126 er røysteføre.

#### **Næring**

Det er registrert 10 aktive landbrukseigedomar. Av desse er 1 mjølkeprodusent. På 2-3 bruk er garden heiltidsarbeidslass. I området er det to større bedrifter, Lerang Forskningsstasjon med om lag 15 tilsette og Stein mekaniske verkstad med 10 tilsette, i tillegg til Lysefjordsenteret og Lysefjord hyttegrend med til saman 4-5 årsverk.

#### **Pendling**

Pendlarmønsteret frå den aktuelle nordsida av Forsand er som følgande:

- 8 personar pendlar til Strand.
  - 19 personar har sin arbeidsplass i Forsand.
  - 15 personar dagpendlar til Sandnes/Forus/Stavanger.
  - 2 personar langtidspendlar til heile Noreg.
- I tillegg er det 3 heiltidstilsette gardbrukarar.

#### **Avstandar**

1. Meling – Sandnes sentrum via Oanes-Lauvvik (privat ferje) ca 3 mil.
2. Meling – Sandnes sentrum via Solbakk-Stavanger (Ryfast) ca 6,5 mil.
3. Meling – Forsand 1,6 mil.
4. Meling – Jørpeland 2,4 mil (om Oanes).

Det vil ikkje i alle tilfelle vere samsvar mellom køyredistanse og køyretid i dei ulike alternativa. Det er vesentleg høgare vegstandard og høgare fartsgrenser dersom ein nyttar alternativ 2 i forhold til alternativ 1. Dersom ein nyttar alternativ 1, kjem venting på ferja i tillegg til køyretida.

Det er så langt ikkje avklart om det framleis vil gå ferje over Høgsfjorden når Ryfast opnae i 2019. Fylkestinget i Rogaland ga 12.6.2018 konsesjon til vidare privat ferjedrift over Høgsfjorden utan subsidiar. Trafikkgrunnlaget er usikkert og vil bl.a. vere avhengig av rutefrekvens og bompengetaksten gjennom Ryfast.

## **Kommunale tenester**

### **Felles føresetnad**

Avstandar til tenestene er her ein faktor. Dersom ein tar utgangspunkt sentralt ved Meling bustadfelt, er det følgjande avstandar:

- avstand frå Meling til alle relevante tenester sentralt på Forsand er om lag 1,6 mil.
- tilsvarande frå Meling til Jørpeland er 2,4 mil.
- betalingssatsar, skattar og avgifter for brukarane vil sannsynlegvis bli endra ved ei eventuell grensejustering .

### Barnehage

4 barn frå nordsida har i dag plass i barnehagen på Forsand. Det er totalt 60 barn i barnehagen.

### Skule

Til saman 33 elevar frå nordsida går i dag på Forsand skule, som er både barne- og ungdomsskule. I tillegg har 2 elevar frå nordsida valt å gå på privat skule på Jørpeland. Totalt er det 193 elevar ved Forsand skule.

### På Jørpeland er det følgjande skular:

Resahagen skole, trinn 1-4, 432 elevar

Fjelltun skole, trinn 5-7, 294 elevar

Jørpeland ungdomsskole, trinn 8-10, 309 elevar.

### PP-tenesta

Det er i dag eit samarbeid mellom Forsand og Strand kommune og fleire andre ryfylkecommunar om PP-tenesta. Forsand kommune samarbeider med Sandnes kommune om denne tenesta frå skuleåret 2019 – 2020.

### Fritidstilbod

I alt 5 elevar frå nordsida nyttar seg av tilboda i kulturskulen i Forsand

Fritidsklubben i Forsand har organisert aktivitet ein dag i veka. I snitt 3-4 brukarar frå nordsida. Brukarar i Forsand kommune har gode tilbod om fotball, handball og symjing i og ved Forsand skule/kulturhus. Ein har ikkje spesifikke brukartal frå nordsida her. Biblioteket på Forsand er eit kombinert folke- og skulebibliotek. Biblioteket er ope 4 dagar i veka.

Strand kommune har eit allsidig aktivitetstilbod med vel 150 registrerte lag og organisasjonar. Strand kulturskole har i dag rundt 550 elevar og tilbyr eit breitt utval av individuelle timar og gruppeparti. Biblioteket på Jørpeland held ope alle dagar utanom søndag.

### Helse og omsorg

I Forsand er det helse og omsorg ved helsesenteret og Forsandheimen alders- og sjukeheim. Det ligg òg fleire omsorgsbustader i tilknyting til heimen. Det er per i dag registrert 6 brukarar av Forsandheimen frå nordsida av fjorden. For legetenesta vil det ved ei eventuell grensejustering vere

slik at brukarar frå nordsida kan halde fram med fastlege på Forsand legekontor, men høyre til legevakt i Strand. Forsand kommune hadde tidlegare ØHD-plassar (øyeblikkeleg hjelp døgnopphald) i samarbeid med Strand. Forsand samarbeider i dag med Sandnes om dette.

Forsand kommune har sidan april 2016 hatt legevaktsamarbeid med Sandnes kommune. I avtalen med Sandnes vert behova melde til legevaktsentralen delt i 3 kategoriar – rauda – gule og grøne. Behov etter kategori Raud inneber at AMK vert kopla inn og situasjonen vert handtert i samarbeid mellom AMK og lege i Forsand som har bakvakt/beredskapsvakt. Behov etter kategori gul vil innebere at sjukepleiar ved legevaktsentralen vurderer når det er behov for akutt legetilsyn. Saka vert handtert av lege i Forsand som har bakvakt/beredskapsvakt. Behov etter kategori grøn – her vurderer den vakthavande sjukepleiar om behovet kan dekkast ved kontakt med fastlege dagen etter eller om vedkomande skal få time med vakthavende lege på legevaka.

Sentralt på Jørpeland har Strand kommune legesenter, legevakt og Jonsokberget bo- og aktivitetssenter med dagsenter, rehabilitering, sjukeavdeling, institusjon og ØHD-plassar. På Jørpeland finst òg fleire kommunale omsorgsbustader. Ved ei eventuell grensejustering vil dei kommunale omsorgstenestene for dei aktuelle innbyggjarane vere samla på Jørpeland.

## Barnevern

Forsand kommune har ikkje hatt samarbeid med andre kommunar om barneverntenesta. I framtida vil denne tenesta lokaliserast i Sandnes.

## **Andre tenester**

### Kyrkje

Forsand er i dag eit eige kyrkjessokn, men inngår i Ryfylke prosti. Framtidig organisering er under utgreiing.

### Politi

Forsand kommune hører i dag under Søre Ryfylke lensmannskontor som dekker Strand, Forsand og Hjelmeland kommunar og ligg på Jørpeland. Det vil hausten 2018 starte ein prosess som truleg vil føre til at Forsand for framtida vil tilhøyre Sandnes politistasjon. Det er vanleg å følge eit prinsipp om at tenesteeiningane skal bestå av heile kommunar. Sandnes politistasjon vil såleis få ansvaret for straffesaker og forebyggande arbeid i Forsand. Dei ulike tenesteeiningane vil samarbeide dersom det oppstår akutte situasjonar. Sivilrettspleie og forvaltning vil truleg òg bli lagt til Sandnes politistasjon. Det er Politidirektøren som gjer endeleg vedtak etter at Politimeisteren har gjeve innstilling. Dersom grensejusteringa blir gjennomført, vil såleis nordre del av Forsand framleis høyre til Søre Ryfylke lensmannskontor.

## **Sitat frå Forsand kommune sitt brev av 14.3.2018:**

### **"Framtidig organisering av kommuneadministrasjonen**

*Den framtidige organiseringa er ikkje avklart. I Prinsippdokumentet er det slått fast at det skal etablerast eit servicekontor både i kommunehuset på Forsand og i rådhuset i Sandnes.*

*Servicekontoret skal vere ein førstelinjeteneste «dør» som foretar enklare saksbehandling og ein formidlingsentral til sentraladministrasjonen i rådhuset på Sandnes. Prinsippdokumentet seier også at ein skal tilstrebe å lokalisere ei eller fleire fageiningar på kommunehuset på Forsand, og som skal dekke heile Nye Sandnes."*

### **"Beredskap Lysefjorden**

*I dag har Forsand kommune det fulle beredskapsansvaret i Lysefjorden. I samband med diskusjonen om en eventuell grensejustering har det kommet innspill om at det anses som svært lite hensiktmessig med en ny kommunegrense som følger «midtlinjeprinsippet» i Lysefjorden.*

*En slik grense vil medføre et delt ansvar over en lang distanse og lite effektiv bruk av ressurser for begge kommunene. Trafikk av båter og mindre skip i Lysefjorden vil antakelig bare øke og det er viktig at både sjøfarende og publikum vet hvem som har myndighet i området."*

### **Prekestolområdet, uttale fra Rogaland fylkeskommune av 8.5.2018**

*"Det vises til brev fra fylkesmannen av 10.04.2018 vedrørende supplering av faktagrunnlag i forbindelse med en eventuell grensejustering mellom Strand og Forsand kommuner. Vår tilbakemelding tar utgangspunkt i at fylkeskommunen både er regional planmyndighet, regional friluftslivsmyndighet og regional næringsutvikler.*

*Det såkalte Prekestolområdet som i dag dels ligger i Strand og dels i Forsand kommune er omfattet av en rekke regionale planer. Den viktigste er Fylkesdelplan for Prekestolområdet (1993). Planens hovedformål er å verne natur og landskap og samtidig legge til rette for reiseliv og næring knyttet til dette. Ifølge planen skal Prekestolområdet være et lokalt, regionalt og nasjonalt visningsområde for norsk natur, kultur og reiseliv. Planområdet dekker et areal på 41,8 km<sup>2</sup>. Fylkesdelplanen problematiserer ikke i særlig grad det faktum at hovedinnfallsporten til Prekestolen ligger i en kommune mens selve attraksjonen/målpunktet ligger i en annen kommune. I planens kap. 4.3. «verdiskaping» står imidlertid følgende: «Det bør treffes organisatoriske og administrative tiltak som sikrer fordeling av ringvirkninger, inntekter og utgifter i planområdet, slik at kommune- og eiendomsgrenser ikke blir avgjørende for lokalisering og utforming.»*

*Arealbruken i nærområdet til selve Prekestolen er nærmere avklart gjennom en egen reguleringsplan utarbeidet av Forsand kommune i 1999 (Reguleringsplan for Refsvatn-Neverdalsfjellet med Prekestolen).*

*Andre regionale planer og strategier med relevans til Prekestolområdet er:*

- *Regionalplan for næringsutvikling 2011-2020*
- *Reiselivsstrategi for Rogaland 2013-2020*
- *Regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke 2017-2030*
- *Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024*

*I den grad disse planene tar opp problemstillinger knyttet til Prekestolområdet, er disse i samsvar med hovedinnretningen i fylkesdelplanen fra 1993.*

*I dokumentet Regional planstrategi for perioden 2017-2020, som ble vedtatt av fylkestinget 26.04.2016, er ingen av de ovenfor nevnte planene/strategiene vedtatt før 2016 vurdert å ha behov for revidering i perioden fram til 2020. Regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke (vedtatt desember 2016) og Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning (vedtatt oktober 2017) ble begge vedtatt etter at regional planstrategi var vedtatt.*

*Som et resultat av Fylkesdelplan for Prekestolområdet ble Stiftelsen Prekestolen (SP) etablert i 1993. Stiftelsen har i første rekke ansvar for oppgaver knyttet til stien opp til Prekestolen samt parkering, toaletter, renovasjon, sikkerhet og beredskap. I tillegg ble Lysefjorden utvikling AS (LU) etablert i 2006. Selskapet har som formål å legge til rette for næringsutvikling i hele Lysefjordområdet. Rogaland fylkeskommune er medstifter i SP med 15,44% og medeier i LU med 42%. Det er dessuten to aktuelle destinasjonsselskap i området, henholdsvis Reisemål Ryfylke og Region Stavanger. Begge selskapene har Lysefjordområdet, inkludert Prekestolen, som viktige markedsføringsobjekt.*

*Stiftelsen Prekestolen laget i 2017 en plan for strategiske valg og langsiktige tiltak for*

perioden 2017-2027. Denne planen skisserer satsingsområder for aktiviteten framover med utgangspunkt i den sterke økningen i antall turister. Fylkeskommunen har gitt sin støtte til hovedtrekkene i denne planen.

Når det gjelder framtidig regional planlegging, vil spørsmålet om eventuell revidering av Fylkesdelplan for Prekestolområdet og andre regionale planer tas opp til ny vurdering i forbindelse med utarbeidelse av regional planstrategi for perioden 2020-2024."

## Prinsippdokumentet

Forsand og Sandnes kommunar har utarbeidd eit prinsippdokument datert 6.6.2016 som er grunnlag for dei vidare prosessane i kommunane. Fylkesmannen siterer einkilde punkt i dokumentet som gjeld lokalisering av tenester.

"4. TJENESTER  
(...)

"Et grunnleggende prinsipp i den nye kommunen er at de tjenester som innbyggerne har behov for i hverdagen skal leveres der folk bor. Større fagmiljøer vil redusere sårbarheten i leveringen av tjenester og samtidig gi bedre muligheter for å videreutvikle tjenestene Det betyr at det skal være nærhet til tjenester som for eksempel:

- Barnehage
- Grunnskole og SFO
- Helsestasjonstjenester
- Legekontor
- Sykehjem / Bo- og aktivitetssentre
- Bibliotek
- Flyktningtjenesten
- Servicesentre

Spesialiserte fagmiljø samles – kapasitet og kompetanse styrkes  
Fagmiljøer knyttet til spesialiserte tjenester og stab- og støttefunksjoner skal samles for å sikre videreutvikling av tjenestene til det beste for innbyggerne. Dette gjelder tjenester som blant annet:

- Byggesak, byplan og næring
- Barnevern
- PPT
- Psykiatri og rus
- Landbrukskontor
- NAV, Boligtjenesten
- Voksenopplæring
- Beredskap
- Sentraladministrasjon, eiendomsforvaltning, spesialisert stab/støttefunksjoner

At de enkelte fagmiljøene og tjenestene de yter samles er ikke ensbetydende med at alt skal sentraliseres på rådhuset. I den nye kommunen skal det være aktivitet i eksisterende rådhus og kommunehus. I hvert av disse vil det være et servicesenter og ett eller flere spesialiserte fagmiljøer der nærhet ikke er avgjørende."

## Brev frå andre grunneigarar i Forsand på nordsida av Lysefjorden

Fylkesmannen har fått oversendt frå Forsand kommune to brev med merknader til søknaden.

Det eine er datert 10.11.2017 og er underskrive av 13 innbyggjarar på Høllesli/Havn, og det andre er motteke av kommunen 20.11.2017 og er underskrive av 20 grunneigarar. Fylkesmannen har vidare motteke eit brev frå Kjersti Seldal Nordnes på vegne av grunneigarar på nordsida av Lysefjorden, datert 17.4.2017.

Fylkesmannen foretar ei oppsummering av innhaldet i breva:

- Ei justering av grensa vil ha konsekvensar for barna som vil få lengre skuleveg og blir nødt til å skifte skulemiljø. Dersom småbarnsfamiliar skal komme og busetje seg i kommunen, må det også leggast til rette for dei. Dersom det ikkje blir grensejustering, vi barna kunne fortsette i trygge omgivnader i skule og barnehage som tidlegare.
- Ringverknader som redusert stab ved skule og barnehage er også ein konsekvens ein bør ha i tankane, då andelen av born på nordsida av fjorden er stor i forhold til folketallet. Fråflytting kan også vere ein konsekvens.
- I brevet frå innbyggjarane på Høllesli/Havn heiter det m.a.:  
*"Innbyggjarar og grunneigarar (inkl. Prekestolen) her i Høllesli/Hamn ser ingen fordel med ei slik grensejustering. Me har tilfredsstillande levekår på alle vis slik forholda er i dag. Når me nå er vedteke samanslått med Sandnes, kjem me inn i ei stor eining med ordna og sterkt økonomi, profesjonell communal forvaltning som vil gje oss tryggleik og god service som er tenleg for oss som bur her. I vedteken intensjonsavtale mellom kommunane er nedfelt at Forsand som utkant i storkommunen får alle sentrale tenester lokalisiert til Forsand, slik som skule, helsetenester, alders- og sjukeheim, tenester for landbruket og servicetorg mv. Lovnader om sterkt satsing på utbygging av land- og maritime næringar, sterkt satsing på utvikling av reiseliv og turisme og oppretthalding av kommersiell ferjedrift på Høgsfjorden. Det er vidare vedteke at det nye kommunevåpenet vert Prekestolen, som i seg sjølv inneber stor marknadsverdi."*

## Uttale frå Statens kartverk av 8.6.2018:

*"I samband med framlegg om grensejustering mellom kommunane Forsand og Strand har Kartverket vurdert grenseforløpet som kom inn i samband med søknaden. Slik vi forstår dei vedlagde kartskissene er det tanken at grenseforløpet mellom dei to kommunane skal følge eksisterande eigedomsgrenser på land. Kartverket har derfor ingen innvendingar mot grenseforløpet slik det er planlagt.*

*Når det gjeld grensene i fjord kan Kartverket vere til hjelp med å lage nye grenser når dette er klarlagt."*

## Fylkesmannen si vurdering og tilråding

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 10.10.2017 bede om at Fylkesmannen gjer ei utgreiing saman med ei tilråding med heimel i inndelingslova § 9.

### Konsekvensane av ei grensejustering

Det går fram av innspela frå kommunane og innbyggjarane at ei grensejustering kan få både positive og negative konsekvensar.

Det aktuelle området grensar til Strand kommune, slik vil ei grensejustering geografisk sett ikkje vere problematisk. Reiseavstandane til Jørpeland vil likevel stort sett vere dei same anten ein bur i Forsand nord eller sør for Lysefjorden. Det same gjeld avstandane til kommunesenteret i Sandnes.

Fylkesmannen har merka seg at omsynet til barn og unge i liten grad er belyst i innbyggjarinitiativet. Ei grensejustering vil kunne få fleire både positive og negative konsekvensar for barn og unge. Skulevegen vil bli forlenga med ca. 15 minutt kvar veg. Nokre elevar vil oppleve det positivt å eventuelt bli ein del av eit større skolemiljø. Sjølv om avstanden til skulen framleis er akseptabel, vil nok lengre skuleveg for ein skilde elevar kunne opplevast som negativt. Det har òg kome fram ønske frå fleire foreldre om at deira barn må få fortsette på skule og barnehage i nærmiljøet. Vi legg til grunn at kommunane vil finne gode ordningar for å imøtekommne slike ønske.

Når det gjeld tilgang på fritidsaktivitetar, meiner Fylkesmannen at barn og unge i stor grad vil kunne nyte seg av aktivitetar i regionen, utan omsyn til kommunegrensa.

Når det generelt gjeld kommunale tenester elles, har Fylkesmannen merka seg ordlyden i prinsippdokumentet der det går fram at dei fleste tenestene skal ytast der folk bur. Det vil vidare bli oppretta eit eige servicekontor for kommunale tenester i tettstaden Forsand. Fylkesmannen tar utgangspunkt i at dette er målsettingar som vil bli oppfylte. Sandnes og Forsand har i sine uttalar framheva at det var ein viktig føresetnad ved utforminga av prinsippdokumentet at heile Forsand kommune skulle innlemmast i "Nye Sandnes". Det vil vere ein samanheng mellom dei tenester som skal ytast lokalt og befolkningsgrunnlaget for desse tenestene.

Innbyggjarane på nordsida vil få kortare veg til tenester på Forsand enn dersom ein skulle få dei same tenestene på Jørpeland. Når det gjeld tenester som ein må reise til kommunesenteret for å få, vil reisetida til Jørpeland vere vesentleg kortare enn til Sandnes.

Sandnes kommune har peikt på at ei grensejustering òg vil vere eit brot på føresetnadene bak prinsippdokumentet og utgangspunktet for kommunesamanslåinga, dersom viktige næringsområde på Oanes og i Lysefjorden blir overførte til Strand.

Fylkesmannen har merka seg at Sandnes kommune meiner det er kompliserande at den interne vegen i "Nye Sandnes kommune" frå Lysefjordbrua til og med ferjeleiet på Oanes blir overført til Strand kommune. Fylkesmannen vil peike på at nedlegging av ferjedrifta var ein av føresetnadene for stortings- vedtaket om Ryfast, men at fylkestinget i juni har gitt konsesjon for ei privat ferje. Tida vil vise om fylkestingsvedtaket kan realiseraast, og om det er grunnlag for ferje på lenger sikt.

Fylkesmannen vil til slutt peike på at Forsand står framfor store omstillingar både når det gjeld ny kommunestruktur og nye kommunikasjonsløysingar. Det ferjefrie sambandet gjennom Ryfast vil føre til at Forsand og tilgrensande ryfylkekommunar i stor grad vil framstå som ein felles bu- og arbeidsmarknad saman med Nord-Jæren. Det kan føre til at fleire vil busette seg i Forsand og at det blir meir attraktivt å drive næring her. Dette vil til ein viss grad kunne kompensere for den reduksjonen av innbyggartal som ei grensejustering vil kunne medføre. Det vil vidare vere ein positiv faktor om ein får etablert gode buss-samband til Nord-Jæren. Så langt er likevel mykje uavklart.

### **Fylkesmannen si tilråding**

Fylkesmannen har forståing for dei momenta som går fram av innbyggjarinitiativet, og då særleg dei geografiske. Dei omsyna som blir framheva i søknaden når det gjeld avstanden til kommunesenteret, kan samstundes gjelde dei fleste innbyggjarane i Forsand kommune.

Ei grensejustering kan medføre ulike endringar for skuleelevar og barnehagebarn i heile kommunen både når det gjeld reiseavstand, elevtal og fagleg innhald i undervisninga.

Ei grensejustering bryt vidare generelt med føresetnadene bak kommunane sine opphavlege vedtak om kommunesamanslåing, både når det gjeld tenesteyting i nærmiljøet, næringsutvikling og infrastruktur.

Strand kommune har i sin uttale peikt på fleire fordelar ved at heile Prekestolområdet tilhører Strand. Fylkesmannen har også framheva at det hadde vore positivt at heile Prekestol-området hørde til *ein* kommune, jamfør tilrådinga om ny kommunestruktur.

Fylkesmannen vil likevel understreke at det kan vere uheldig å overføre Prekestolområdet til Strand dersom resten av området som søknaden gjeld, ikkje blir overført. Dette har samanheng med med mellom anna eigedomstilhøva på staden. Det må vere eit mål for Strand og "Nye Sandnes" å bli samde om gode løysingar på staden når det gjeld forvalting, beredskap m.v.

Det skal i grensejusteringssaker leggast stor vekt både på kva innbyggjarane sjølv og kommunane ønsker.

Forsand kommunestyre har halde ei rådgjevande folkerøysting for det aktuelle området. Det var fleirtal for grensejustering. Forsand kommunestyre gjorde likevel vedtak om ikkje å tilrå grensejustering. Sandnes bystyre har ikkje funne å kunne støtte søknaden, medan Strand kommunestyre har stilt seg positiv.

Fylkesmannen legg avgjerande vekt på vedtaket i Forsand kommunestyre.

### Konklusjon:

**Fylkesmannen tilrår at grensejustering i samsvar med innbyggjarinitiativet ikkje blir gjennomført. Fylkesmannen finn heller ikkje grunn til å tilrå grensejustering for ein mindre del av det aktuelle området.**

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Middelthon  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 09  
E-post: fmrokmi@fylkesmannen.no

Kopi til:

Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Fridtjov Thorsen Norland	Kolabygdvegen 572	4110	Forsand
Forsand kommune	Fossanvegen 380	4110	Forsand
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes